

Alpinkomiteen@

Sakshand.: YT/ AH

Dato: 04.05.2017

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

## PROTOKOLL MØTE NR. 06 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Onsdag 03. mai 2017, kl. 17.30-22.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

SAK 66 15-17 Godkjenning av innkalling sakliste  
SAK 67 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 05 15-17 i AK  
SAK 68 15-17 Protokoll frå møte nr. 07 15-17 i Skikrinsstyret  
SAK 69 15-17 Protokoll frå møte nr. 08 15-17 i Skikrinsstyret  
SAK 70 15-17 Protokoll frå møte nr. 09 15-17 i Skikrinsstyret  
SAK 71 15-17 Protokoll frå møte nr. 10 15-17 i Skikrinsstyret  
SAK 72 15-17 Protokoll frå møte nr. 11 15-17 i Skikrinsstyret

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 73 15-17 Generell evaluering av sesongen 2016-2017  
SAK 74 15-17 Evaluering av krinssamlingane i alpint 2016-2017  
SAK 75 15-17 Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2017  
SAK 76 15-17 Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2017  
SAK 77 15-17 Sportsleg tilbod sesongen 2017-2018  
SAK 78 15-17 Kompetansehelg for foreldre/ føresette  
SAK 79 15-17 Terminlisteprosessen 2017-2018  
SAK 80 15-17 Vårmøtet, 17. juni 2017  
SAK 81 15-17 Kandidatar til Bragdpokal, Talenpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal  
SAK 82 15-17 Status markedsarbeid  
SAK 83 15-17 Handlingsplan 2017-2019

#### RAPPORTERING

SAK 84 15-17 Rekneskap 2016  
SAK 85 15-17 Rekneskapsrapport pr. 20.04.2017

#### ORIENTERINGSSAKER

SAK 86 15-17 NSF Vårmøtet 2017

#### EVENTUELT

- TIL STADES:** Atle Hamar, Per Asbjørn Felde, Hege Venes,  
Magne Hofslundsengen, Trude Dalseth og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Per Lambrecht og Rune Espe.
- MERKNADER:** Magne Hofslundsengen og Trude Dalset deltok i møtet med bakgrunn i at dei stiller til valg som medlemmar i alpinkomiteen i perioden 2017-2019.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- 

## REFERATSAKER

- SAK 66 15-17**      **Godkjenning av innkalling sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.
- VEDTAK**  
Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.
- SAK 67 15-17**      **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 05 15-17 i AK**  
**Bakgrunn**  
Protokoll nr. 05 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**  
Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 05 15-17.
- SAK 68 15-17**      **Protokoll frå møte nr. 07 15-17 i Skikrinsstyret**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 07 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.
- VEDTAK**  
Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.
- SAK 69 15-17**      **Protokoll frå møte nr. 08 15-17 i Skikrinsstyret**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 08 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.
- VEDTAK**  
Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.
- SAK 70 15-17**      **Protokoll frå møte nr. 09 15-17 i Skikrinsstyret**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 09 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.
- VEDTAK**  
Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 71 15-17**

**Protokoll frå møte nr. 10 15-17 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 10 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 72 15-17**

**Protokoll frå møte nr. 11 15-17 i Skikrinsstyret**

Protokoll frå møte nr. 11 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 73 15-17**

**Generell evaluering av sesongen 2016-2017**

**Bakgrunn**

Komiteen evaluerte sesongen 2016-2017 på følgjande innsatsområder:

- Arrangement/ terminliste
  - o Med bakgrunn i varierende snøtilhøve har det vore ein svært krevjande vinter m.o.t. flytting av arrangement og samlingar.
- Renndeltaking, rekruttering
  - o Varierende snøtilhøve har skapt utfordringar m.o.t. rekruttering
- Sportslege resultat
  - o Gode sportslege resultat av utøvarar som Åge Solheim (Haugen IL), Andrine Mårstøl (Haugen IL) og Andreas Strand (Jølster IL).
  - o Det vert "levert" to utøvarar til FIS systemet sesongen 2017-2018; Kristine Lidal Røysum (Sogndal IL) og Jørgen Aarøen Taklo (Jølster IL).
- Treningsaktivitet
  - o Dårlege treningstilhøve i Nordfjord grunna manglande snøtilhøve.
- Fjord1 AlpinCup
  - o Over fleire år har det vore noko sviktande deltaking i Fjord1 AlpinCup (sonerenn)
  - o Mogleg ein bør utarbeide eit nytt aktivitetskonsept i samarbeid med aktuelle alpinanlegg. Døme: Young Attacking Vikings (NSF)

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2017-2018.

Adm. følgjer opp NSF v/ Jo Mork m.o.t. tilrettelegging/ gjennomføring av konseptet Young Attacking Vikings.

Komiteen er for øvrig tydelege på at Fjord1 namnet fortsatt skal vere knytt til konseptet. Fjord1 Vikings kan vere eit aktuelt namn på eit nytt konsept.

## SAK 74 15-17

### Evaluering av krinssamlingane i alpint 2016-2017

#### Bakgrunn

Alpinkomiteen har lagt til rette for følgjande samlingar sesongen 2016-2017:

- Jølster (ski), 08.-09. apr. 2016. Trenar, Even Hole
- Jølster (ski), 07.-08. mai 2016. Trenar, Even Hole
- Sandane (barmark), 13.-14. mai 2016. Trenar, Even Hole
- Juvass (ski), 18.-20. juni 2016. Trenar, Even Hole
- Juvass (ski), 19.-21. aug. 2016. Trenar, ARAN
- Sandane (barmark), 26.-27. aug. 2016. Trenar, Even Hole
- Folgefonna (ski), 23.-25. sept. 2016. Trenar, ARAN
- Sandane (barmark), 23.-24. sept. 2016. Trenar, Even Hole
- Hintertux (ski), 09.-15. okt. 2016. Trenar, ARAN
- Førde (barmark), 21.-22. okt. 2016. Trenar, Even Hole
- Sandane (barmark), 11.-12. nov. 2016. Trenar, Even Hole
- Kvitfjell (ski), 24.-27. nov. 2016. Trenar, ARAN
- Hafjell (ski), 05.-08. jan. 2017. Trenar, ARAN
- Jølster (ski), 14. jan. 2017. Trenar, Even Hole
- Sogndal (ski), 28. jan. 2017. Trenar, Even Hole
- Kvitfjell (ski), 02.-05. febr. 2017. Trenar, ARAN
- Sogndal (ski), 19. febr. 2017. trenar, Even Hole
- Jølster (ski), 03.-04. mars 2017. Trenar, Even Hole m. fl.
- PreCamp Telenorleikane Geilo, 18.-19. mars 2017. Trenar Even Hole
- Pre Camp Hovudlandsrennet Hafjell, 18.-20. mars 2017. Trenar, ARAN

Totalt ca. 50 samlingsdøgn (barmark/ ski).

Barmarkssamlingane er gjennomført i høve til plan, og kvaliteten har vore god.

Utfordrande snøtilhøve medførte at det planlagde samlingsopplegget med krinstrenar vinterstid ikkje vart gjennomført i høve til plan/ terminliste.

Vidare har det ved enkelte høve vore for mange utøvarar pr. trenar. Dette må ein ta høgde for ved planlegging av kommande skisamlingar vinteren 2018. M.a.o. bør det inn fleire trenarar, i tillegg til krinstrenar.

#### VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2017-2018.

Ein gjer vidare vedtak om at rammene i samlingsopplegget skal vidareførast sesongen 2017-2018. I tillegg må det rekrutterast fleire trenarar (2-3) på dei ulike samlingane, i tillegg til krinstrenar.

Vidare skal ein ikkje ha tidtaking i samband med fartstrening på Kvitfjell/ Hafjell i januar.

## SAK 75 15-17

### **Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2017**

#### **Bakgrunn**

Telenorleikane i alpint vart gjennomført på Voss i perioden 31. mars – 02. april 2017.

Frå Sogn og Fjordane deltok følgjande utøvarar:

- Elias Helle Felde, BBIL
- Jan Henden Rand, Haugen IL
- Oliver S. Sæthre, Haugen IL
- Johan Felde, Haugen IL
- Sara Nygård, Førde IL
- Nora Indrebø, Førde IL
- Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
- Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
- Evita Brenden, Sogndal IL
- Ida Munthe Olsen, Sogndal IL

Hovudleiarar: Anders Neteland og Per Asbjørn felde

Dei sportslege prestasjonane var kollektivt som forventa.

I framkant av Telenorleikane vart det gjennomført PreCamp på Geilo 18.-19. mars 2017 med krinstrenar Even Hole.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

## SAK 76 15-17

### **Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2017**

#### **Bakgrunn**

Hovudlandsrennet i alpint vart gjennomført på Hafjell i perioden 21.-26. mars 2017.

Frå Sogn og Fjordane deltok følgjande utøvarar:

- Kristine Lidal Røysum, Sogndal IL
- Andreas Røysum, Sogndal IL
- Bendik Hamar, Jølster IL
- Jørgen Taklo, Jølster IL
- Ivar Engeland, Haugen IL
- Trym Dalset Lødøen, Haugen IL
- Wilma Berg, Hafslo IL
- Hege Solheim, Haugen IL
- Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
- Daniel Hagen, IL Vetem

Dei sportslege prestasjonane var kollektivt som forventa.

I framkant av Hovudlandsrennet vart det gjennomført PreCamp på Hafjell 18.-20. mars 2017 med ARAN.

Hovudleiarar: Even Hole, Eirik Hole (fart) og Anders Neteland (tekniske disiplinar)

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 77 15-17**

#### **Sportsleg tilbod sesongen 2017-2018**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i evaluering og tidlegare drøftingar skal komiteen legge rammer for det sportslege tilbodet sesongen 2017-2018.

Viktige moment i drøftingane:

- Rekruttering
- Differensiering av tilbod (U10/ U12/ U14 og U16)
- Barmark, krinstrenar alpint
- Ski, krinstrenar alpint
- Samarbeid med ARAN, samlingsopplegg
- Barmark/ ski, andre trenarressursar
- Kompetansehelg for foreldre
- m.m.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- 1) Ved lokale krinssamlingar skal det berammast ekstra trenarkrefter i tillegg til krinstrenar.
- 2) Krinstrenar skal legge til rette for 5 barmarkssamlingar sommar/ haust
- 3) Krinstrenar skal saman med lokale trenarkrefter legge til rette for skisamlingane t.o.m. haustferien:
  - Juvass, juni
  - Juvass, august
  - Juvass, september
- 4) Krinstrenar skal saman med lokale trenarkrefter legge til rette for skisamling på Geilo hausten 2017 (tidleg snø)
- 5) ARAN skal nyttast ved gjennomføring av samling i Hintertux (veke 41), Kvittfjell (november) og Hafjell (januar).
- 6) Ein skal vurdere aldersbasert differensiering av samlingstilbodet
- 7) Det må vurderast om ein skal setje tydelegare sportslege krav til ARAN knytt til;
  - lengd på økter
  - videoanalyse i matpausar/ kveldstid

**SAK 78 15-17**

**Kompetansehelg for foreldre/ føresette**

**Bakgrunn**

Ein har tidlegare drøfta problemstillingane knytt til den generelle alpinfaglege kompetansen i Sogn og Fjordane.

Med bakgrunn i drøftingar er det grunnlag for å vurdere om alpinkomiteen skal legge til rette for ei «lågterskel» kompetansehelg i alpint for foreldre/ føresette.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gjennomføre «Kompetansehelg» for foreldre/ føresette i samband med ei eller fleire barmarkssamlingar hausten 2017. Aktuell kurslærer er Anders Neteland.

Atle Hamar følgjer opp tiltaket saman med Trude Dalseth og adm.

**SAK 79 15-17**

**Terminlisteprosessen 2017-2018**

**Bakgrunn**

Rammer for terminliste skal leggest fram i samband med alpinkomiteen sitt Vår møte 17. juni 2017, før den vert sendt vidare til høyring i laga.

Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med alpinkomiteen sitt Haustmøte.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Per Asbjørn Felde og Hege Venes skal ha ansvar for terminlisteprosessen 2017-2018.

Vidare skal kvalifiseringsreglementet til HL/ LF reviderast med føresetnad om at tal arrangement skal reduserast. I tillegg skal ein ikkje telje omgangar i poengfordelinga, men tal gjennomførte renn.

I tillegg skal ein samarbeide med Møre og Romsdal- og Hordaland Skikrets m.o.t. aktuelle arrangement.

**SAK 80 15-17**

**Vår møtet, 17. juni 2017**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vår møtet 2017 og Skikrinstinget skal avviklast laurdag 17. juni på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram:

Kl. 09.30:

Vår møter i langrenn, alpint, hopp/ kombinert og telemark/ randoneè

Kl. 12.00:

Lunsj

Kl. 12.45:

Motivasjonsforedraget «Korleis» med Odd-Bjørn Hjelmeset

Kl. 14.00: Skikrinstinget 2017

Kl. 17.00: Avslutning/ heimreise

I samband med Vår møtet 2016 la ein til grunn følgjande sakliste:

*Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Atle Hamar (AK)*

*Sak 02) Val av referent v/ Atle Hamar (AK)*

*Sak 03) Evaluering av sesongen 2015-2016 v/ Atle Hamar (AK)*

*Sak 04) Sportsleg opplegg sesongen 2016-2017 v/ Rune Espe (AK)*

*Sak 05) Rammer for terminliste 2016-2017 v/ Per Asbjørn Felde (AK)*

*Sak 06) Økonomi/ marked v/ Atle Hamar (AK) og Yngve Thorsen (adm)*  
*Eventuelt*

Alpinkomiteen fastset sakliste for Vår møtet 2017.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Atle Hamar og adm. utarbeidar sakliste til Vår møtet.

#### **SAK 81 15-17**

#### **Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal**

##### **Bakgrunn**

I samband med Skikrinstinget 2017 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

##### Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

##### Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

##### Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2 kvart år, tot. 4 stykkjer.  
Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

##### NSF sine Jubileumspokal:

Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande innstilling til krinsstyret:

##### Bragdpokal, kandidat:

- Åge Solheim, Haugen IL

##### Talentpokal, kandidat:

- Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
- Daniel Hagen, IL Vetem



Magnorpokal, kandidat:

- Elias Felde, Breimsbygda IL

NSF sin Jubileumspokal, kandidat:

- Peder Aarøen Taklo, Jølster IL

## SAK 82 15-17

### Status markedsarbeid

#### Bakgrunn

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebanken Vest	Alpint	31.12.2018	
Fjord1	Alpint	01.09.2018	
Coop Vest SA	Alpint	31.12.2018	
Frydenbø Bilsenter	Alpint	31.12.2017	Reforhandling må startast opp.

#### VEDTAK

Atle Hamar følgjer opp reforhandlinga med Frydenbø Bilsenter saman med adm.

Alpinkomiteen gjer vidare vedtak om at ein skal arbeide for at «alle» alpinforeldre skal få eit COOP-kort.

## SAK 83 15-17

### Handlingsplan 2017-2019

#### Bakgrunn

Arbeidsdokument for handlingsplan 2017-2019 er vedlagt.

I samband med Ski-tinget i Trondheim 28.-29. mai la skiforbundet til grunn ein ny utviklingsmodell ved inngangen til planperioden 2016-2020.

Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekker alle innsatsområde.

#### Utøveren i sentrum

Utvikling av skiutøveren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv.

Difor er det utøveren som er i sentrum for ski-idretten sine målsetjingar, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020.

For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement, og anlegg som er lagt til rette på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv.

Til saman utgjer elementa nærast utøveren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb/ skigruppe, via skikrets og til skiforbundet.

#### Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg


Menneska utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og dugleiksnivå.

Ski-idretten sine framtidige mål er difor lagt til rette for idrettsleg utvikling, basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Med rett utvikling, til riktig tid, vil resultata komme. Samstundes vil ski-idretten vere eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Klubbane i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2015 gitt eit godt bilete av ski-idretten sine utfordringar, og har gitt Skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover.


Å behalde skiutøvaren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er ei uttalt målsetjing. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje skal vere økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som ivaretek medlemmane si moglegheit til å drive breidde- og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar.



Øvrige rammevilkår for ski-idretten si verksemd er utdanning og utvikling, informasjon og kommunikasjon, økonomiske rammevilkår, internasjonalt arbeid og samhandling på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar. Saman med kjerneverksemda utgjer dette innsatsområda for ski-idretten dei kommande fire åra.

## Utviklingsmodellen



Skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) skal vere ski-idretten sin raude tråd i denne planperioden. Den gjev føringar for korleis framtidens organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere.

Målet er at ski-idretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske, funksjonshemma, integrering av medlemmer som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemmer frå alle samfunnslag. Ski-idretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og økonomisk evne.

### **Ulike nivå i modellen**

#### Aktiv start

- første møte med organisert idrett
- grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

#### FUNDament

- mykje variert og allsidig fysisk aktivitet
- innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- deltaking i karusellrenn som motivasjon
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

#### Lær å trene

- trening på grunnleggande ferdigheiter med og utan ski
- mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
- trening med fokus på meistring og utvikling
- større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
- trening på sosiale ferdigheiter gjennom deltaking i idretten
- klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særvidrettar eller andre skiklubbar
- klubb-, sone-, og krinsrenn
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

#### Trene for å trene

- meir fokus på greinspesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
- bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
- individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
- fortsatt mest vekt på trening vs. konkurranse, men auke av tal konkurransar
- trenarar på høgt nivå

#### Trene for å konkurrere

- heilskapleg utvikling av toppidrettsutøvarar
- fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
- mykje spesialisert trening
- FIS-renn, NM, jr. VM, U23, YOG, EYOF
- homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

#### Trene for å vinne

- utøvarar på høgt sportleg nivå
- utviklingsorienterte utøvarar
- OL, VM og verdenscup
- nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

#### Konkurrere på ski livet ut

- ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurransestilbod
- aktivitet gjennom trening i skigruppa/ skiklubben
- konkurransestilbod gjennom turrenn, master og fjelltelemarkrenn

#### Aktiv livet ut

- aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i skigruppa/ skiklubben
- fokus på trening i eit helseperspektiv
- utvikling av nye ferdigheiter gjennom deltaking på teknikkurs i regi av skigruppa/ skiklubben

---

I samband med Skikrinsstyret sitt seminar 20.-21. august 2016 vart det utført ein statusanalyse basert på innsatsområda i Skipolitisk Dokument (SPD) knytt til *Trenar, Tilbod til utøvarar, Anlegg og Arrangement*.

I strategimøte i Skikrinsstyret 29. november 2016 (møte nr. 09, Sak 103 15-17) prioriterte ein nivå, innsatsområde og målsetjingane i SPD, medan ein i møte 15. februar 2017 (møte nr. 10, sak 118 15-17) starta arbeidet med å utvikle tiltak basert på prioriterte målsetjingar i SPD for arbeidsutvalet.

I utvida møte i Skikrinsstyret tysdag 04. april utvikla greinkomiteane tiltak basert på prioriterte målsetjingar for kommande planperiode

Plandokumentet skal leggest fram for Skikrinstinget 17. juni 2017, og skal såleis vere ferdigstilt og klart til utsending saman med øvrige tingdokument i høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov.

Arbeidsdokument for handlingsplan 2017-2019 er vedlagt.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

## RAPPORTERING

### SAK 84 15-17

#### Rekneskap 2016

##### Bakgrunn

Rekneskap 2016 er utsendt på førehand.  
Adm. presenterte rapporten.

##### Nøkkeltal:

- Driftsinntekter; kr.	1 191 732,-
- Driftskostnader; kr.	1 158 904,-
- Resultat; kr.	32 827,- (etter avsetning)
- Eigenkapital AK; kr.	188 092,-

Avsetning frå 2016 til 2017 (godkjent av Skikrinsstyret):

- kr. 180 000,-

##### VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner rekneskapen for 2016.

### SAK 85 15-17

#### Rekneskapsrapport pr. 20.04.2017

##### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 20.04.2017 vart presentert av adm. i møtet.

##### VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

## ORIENTERINGSSAKER

### SAK 86 15-17

#### NSF Vårmøtet 2017

##### Bakgrunn

Norges Skiforbund Alpint sitt Vårmøte vert avvikla 09.-10. juni 2017 på Gardermoen.

##### VEDTAK

Atle Hamar representerar alpinkomiteen på NSF sitt Vårmøte.

## EVENTUELT

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)  
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

<b>Vedlegg SAK 67 15-17      Godkjenning av protokoll frå møte nr. 05 15-17 i AK</b>
--

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 18.10.2016

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 05 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017</b>
---

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Måndag 17. oktober 2016, kl. 18.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

<b>SAK 52 15-17</b>	<b>Godkjenning av innkalling sakliste</b>
<b>SAK 53 15-17</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møte nr. 04 15-17 i AK</b>
<b>SAK 54 15-17</b>	<b>Protokoll frå møte nr. 04 15-17 i Skikrinsstyret</b>
<b>SAK 55 15-17</b>	<b>Protokoll frå møte nr. 05 15-17 i Skikrinsstyret</b>
<b>SAK 56 15-17</b>	<b>Protokoll frå møte nr. 06 15-17 i Skikrinsstyret</b>

**RAPPORTERING**

<b>SAK 57 15-17</b>	<b>Rekneskapsrapport pr. 31.08.2016</b>
---------------------	---

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

<b>SAK 58 15-17</b>	<b>Evaluering av Fjord1 samlingane 2016</b>
<b>SAK 59 15-17</b>	<b>Terminliste Alpint 2016-2017</b>
<b>SAK 60 15-17</b>	<b>Haustmøtet 2016</b>
<b>SAK 61 15-17</b>	<b>Fagkveld med krinstrenar alpint</b>
<b>SAK 62 15-17</b>	<b>Hovudlandsrennet 2017</b>
<b>SAK 63 15-17</b>	<b>Telenorleikane 2017</b>

**ORIENTERINGSSAKER**

<b>SAK 64 15-17</b>	<b>Samarbeidsavtale Coop Vest SA</b>
<b>SAK 65 15-17</b>	<b>«Sogn og Fjordane-Passet»</b>

**EVENTUELT**

**TIL STADES:** Atle Hamar, Per Lambrechts, Rune Espe, Per Asbjørn Felde, Hege Venes og Yngve Thorsen (adm.)

**FØRFALL:**

**MERKNADER:** Per Asbjørn Felde deltok i møtet f.o.m. sak 58 15-17.  
Rune Espe deltok i møtet t.o.m. sak 61 15-17.

**REFERENT:** Yngve Thorsen (adm.)

---

**REFERATSAKER**

**SAK 52 15-17**

**Godkjenning av innkalling sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 53 15-17**

**Godkjenning av protokoll frå møte nr. 04 15-17 i AK**

**Bakgrunn**

Protokoll nr. 04 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 04 15-17.

**SAK 54 15-17**

**Protokoll frå møte nr. 04 15-17 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 04 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 55 15-17**

**Protokoll frå møte nr. 05 15-17 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

**SAK 56 15-17**

**Protokoll frå møte nr. 06 15-17 i Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 06 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

## RAPPORTERING

### SAK 57 15-17

#### Rekneskapsrapport pr. 31.08.2016

##### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.08.2016 er vedlagt.  
Rapporten vert presentert av adm. i møtet.

##### VEDTAK

Alpinkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

### SAK 58 15-17

#### Evaluering av Fjord1 samlingane 2016

##### Bakgrunn

Komiteen har p.t. gjennomført følgjande samlingar sesongen 2016-2017:

- Jølster, 08.-09. april (ski, Even Hole)
- Jølster, 07.-08. mai (ski, Even Hole)
- Sandane/ Byrkjelo, 13.-14. mai (barmark, Even Hole)
- Juvass, 18.-20. juni (ski, Even Hole)
- Juvass, 19.-21. august (ski, ARAN)
- Sandane, 26.-27. august (barmark, Even Hole)
- Folgefonna, 23.-25. september (ski, ARAN)
- Sandane, 30. september – 01. oktober (barmark, Even Hole)
- Hintertux, 09.-15. oktober (ski, ARAN)

Følgjande samlingar gjenstår i høve til samlingsplan:

- Førde, 21.-22. oktober (barmark, Even Hole)
- Sandane, 11.-12. november (barmark, Even Hole)
- Kvitfjell, 24.-27. november (ski, ARAN)
- Hafjell, 05.-08. januar (ski, ARAN)
- Sogn og Fjordane, 02.-05. februar (ski, Even Hole og ARAN)

I tillegg kjem samlingane med Even Hole i høve til terminlista:

- Hafslo/ Sogn Skisenter, 15. januar (ski)
- Jølster/ Jølster Skisenter, 21. januar (ski)
- Førde/ Sunnfjord Skisenter, 28. januar (ski)
- Jølster/ Jølster Skisenter, 03.-04. mars (ski/ fartssamling)
- Stad ikkje avklara, 18.-19. Mars (U14/U16, ski)

##### VEDTAK

Komiteen evaluerte Fjord1 samlingane på følgjande punkt;

- gode tilbakemeldingar på barmarksamlingane
- gode tilbakemeldingar på skisamlingane
- tilbakemelding på transportopplegget for utstyr til samlinga i Hintertux
- ifbm. samlinga i Hintertux hausten 2017 bør ein vurdere alternative transportopplegg for utøvarar og foreldre/ føresette
- bør vere tidlegare ute med informasjon om samlinga i Hintertux



SAK 59 15-17

## Terminliste Alpint 2016-2017

### Bakgrunn

Høyringsutkast til terminliste er vedlagt.

Rammene for alpinkomiteen si terminliste 2016-2017 vart lagt fram i samband med Vår møtet 15. juni 2016.

Deretter vart framlegget sendt til høyring i laga, med svarfrist 01. september 2016.

I samband med høyringsprosessen er det komt følgjande innspel til terminlista:

---

### Innspel nr. 1: Sogndal IL, 23. august 2016

*Renn Hodlekve 2017*

*Hei,*

*Er det mulig om vi kan få dette rennet noe senere? Vi har hatt det slik flere år nå og vi skulle gjerne hatt det litt senere da det blir lettere å få med flere nye/rekruttering når sesongen har satt seg litt mer. For nye utøvere er et hjemmerenn viktig i den rekruterende fasen.*

*Mvh Knut*

*Sogndal alpint*

---

### Innspel nr. 2: Stryn T&IL, 30. august 2016

Til Alpinkomiten i Sogn og Fjordane.

*Stryn Alpin har følgjande innspel til utsendt terminliste for 2016/2017*

*06.mai Laurdag Sparebanken Vest AlpinCup, Grotlireнна, Super G, flyttes til laurdag 22. apri. (Første laurdag etter påske)*

*07.mai Søndag Frydenbø KM, Grotlireнна, Utfor, flyttes til Søndag 23. apri. (Første søndag etter påske)*

*Det er et sterkt ønskje frå Stryn Alpin og Grotli Hotell, at første helg etter påske blir fast standard for dette arrangementet, då kapasiteten til hotellet kan bli for liten i helgane før påske.*

*Elles et innspel til U12 krinsrenna 18/19 mars. Bandit Alpinfestival blir arrangert i tidsrommet 17-19 mars.*

*Vi ynskjer og å gjere alpinkomiten oppmerksom på at Stryn Rando 3000 mest sannsynleg blir arrangert 18 mars, slik at en ikkje planlegger noko ved Stryn skisenter denne helga.*

*Mvh*

*Øyvind Hopland*

*Stryn Alpin*

---

## **VEDTAK**

Komiteen gjer følgjande vedtak i saka:

### **Vedtak 1:**

Dato for Grotlireнна vert ikkje endra i høve til Styn T&IL sitt innspel.

Bakgrunnen er at ynskje om datoendring m.a. vil medføre arrangementkollisjon med Vestlandsmeisterskapen i Myrkdalen 21.-23. april, samt "Donald Duck" i Hemsedal 28.-30. april 2017.

### **Vedtak 2:**

Jamfør innspel frå alpingruppa i Sogndal IL gjer alpinkomiteen følgjande datoendringar:

- a) SPV Cup Haugen IL vert flytta frå 18. februar til 21. januar 2017.
- b) SPV Cup Stryn T&IL vert flytta frå 19. februar til 22. januar 2017.
- c) SPV Cup Jølster IL vert flytta frå 22. januar til 14. januar
- d) Krinssamling Jølster med Even Hole vert flytta frå 21. januar til 15. januar 2017.
- e) SPV Cup Sogndal IL vert flytta frå 14. januar til 18. februar 2017.
- f) Krinssamling Hafslø vert flytta frå 15. januar til 19. februar 2017.

### **Vedtak 3:**

Krinssamlinga med Even Hole 18.-19. mars vert open for U14, medan ein tilbyr "PreCamp" for U16 18.-19. mars på Hafjell.

### **Vedtak 4:**

Medlem av alpinkomiteen, Per Asbjørn Felde, gjev tilbakemelding (18.10.2016) til adm. om krinssrennet i Breimsbygda Skisenter evt. kan flyttast til 25.-26. mars 2016.

## **SAK 60 15-17**

### **Haustmøtet 2016**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har i styremøte 20.-21. august 2016 gjort vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins sitt Haustmøte skal avviklast på Skei (Thon Jølster Hotell), måndag 07. november 2016.

Komiteen fastset sakliste for fagmøte alpint.

Her følgjer saklista i samband med Haustmøtet 2015:

Sak 01) Presentasjon av ny hovudsponsor i alpint  
v/ Atle Hamar og Tore Dvergsdal (regiondirektør Sparebanken Vest)

Sak 02) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Atle Hamar

Sak 03) Val av referent v/ Atle Hamar

Sak 04) Orientering frå Haustmøtet i NSF v/ Per Lambrecht

Sak 05) Oppfølging av klubb v/ krinstrenar Even Hole

Sak 06) Terminliste 2015-2016 v/ Per Lambrecht

Sak 07) Evaluering Fjord1 samlingane 2015-2016 v/ Rune Espe

Sak 08) Kompetanseutvikling, behov for; v/ Hege Venes

- Trenarkurs
- TD kurs
- Etc.

Sak 09) Økonomi/ marked v/ Atle Hamar og Yngve Thorsen

Sak 10) Eventuelt

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste;

Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Atle Hamar

Sak 02) Val av referent v/ Atle Hamar

Sak 03) Orientering frå Haustmøtet i NSF v/ Per Asbjørn Felde

Sak 04) Terminliste 2015-2016 v/ Per Lambrecht

Sak 05) Evaluering av Fjord1 samlingane 2016 v/ Rune Espe

Sak 06) Satsing på toppidrett alpint kombinert med yrkesfagleg studieretning v/ Atle Hamar

Sak 07) Rammene for arbeidet til krinstrenar i alpint v/ Atle Hamar og Yngve Thorsen

Sak 08) Økonomi/ marked v/ Atle Hamar og Yngve Thorsen

Sak 09) Eventuelt

I tillegg inviterar Atle Hamar (AK leiar) den nye leiaren i alpinkomiteen i Norges Skiforbund (Trond Olsen) til møtet.

### **SAK 61 15-17**

#### **Fagkveld med krinstrenar alpint**

##### **Bakgrunn**

I samråd med Even Hole (krinstrenar alpint) har adm. drøfta moglegheitene for å invitere alpingruppene til ein fagkveld i alpint.

Tema for opplegget kan t.d. vere;

- utstyr
- innhald og organisering av alpintraning i klubb (ski/ barmark)
- etc.

Aktuell dato er torsdag 27. oktober 2016, evt. seinare i november.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å invitere klubbane til ein fagkveld saman med Even Hole.

Aktuell dato er torsdag 27. oktober 2016, evt. seinare i november.

Det er svært aktuelt å vektlegge informasjon om utstyr i samband med møtet.

#### **SAK 62 15-17**

#### **Hovudlandsrennet 2017**

##### **Bakgrunn**

Hovudlandsrennet i alpint vert avvikla på Hafjell i tidsrommet 21.-26. mars 2017.

Som tidlegare år er det fri påmelding av krets til arrangementet, og arrangementet er ope for gutar og jenter U16 (f. 2001/ 2002).

Innkvartering er reservert i 8-sengsleiligheiter via Hafjell/ Kvittfjell Booking i perioden 19.-26. mars 2017:

- Hafjell Alpinlandsbyen, nr. 56
- Hafjell Alpinlandsbyen, nr. 57
- Hafjell Alpinlandsbyen, nr. 27
- Hafjell Alpinlandsbyen, nr. 53

Pris for innkvartering er ca. kr. 1 400,- pr. person for heile perioden.

Forøvrig er det avklara at Even Hole vert hovudleiar for fartsdelen i samband med arrangementet.

Informasjon om skikrinsen sitt fellesopplegg er publisert på [www.skikrinsen.no](http://www.skikrinsen.no);

<http://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/fis-renn-og-meisterskap/hovudlandsrennet-2017/>

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 63 15-17**

#### **Telenorleikane 2017**

##### **Bakgrunn**

Telenorleikane i alpint vert avvikla på Voss i tidsrommet 31. mars - 02. april 2017.

Som tidlegare år er det fri påmelding av krets til arrangementet, og arrangementet er ope for gutar og jenter U14 (f. 2003/ 2004).

Innkvartering er reservert via Voss Resort Bavallstunet i perioden 29. mars - 02. april 2017.

Det er bestilt 4 hytter med sengeplass til 25 personar:

- Hytte nr. 035, Vambheim
- Hytte nr. 164, Sjo
- Hytte nr. 166, Andersen
- Hytte nr. 112, Løndal

Pris er kr. 450,- pr. pers. pr. døgn (inkl. heiskort).

Informasjon om skikrinsen sitt fellesopplegg er publisert på [www.skikrinsen.no](http://www.skikrinsen.no);

<http://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/fis-renn-og-meisterskap/telenorleikane-2017/>

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 64 15-17**

#### **Samarbeidsavtale Coop Vest SA**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins er ved leiar i alpinkomiten og adm. sjef i gang med reforhandling av samarbeidsavtalen med COOP Vest SA. I samband med reforhandlingsarbeidet er det utarbeida nytt utkast til avtale, og det er gjennomført reforhandlingsmøte med Coop Vest SA 07. oktober 2016.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

#### **SAK 65 15-17**

#### **«Sogn og Fjordane-Passet»**

##### **Bakgrunn**

Prosjektbeskrivelse for etablering av «Sogn og Fjordane – Passet» er vedlagt.

Etter Sogn og Fjordane Skikrins og fylkeskommunen sitt anleggseminar 09. juni 2016, der felles billeteringsystem for alpinanlegga vart sett på dagsorden, har skikrinsen og fylkeskommunen sett ned følgjande arbeidsgruppe:

- Atle Hamar (alpinkomiteen Sogn og Fjordane Skikrins/ Jølster Skisenter)
- Tor Bremer (Sogn Skisenter)
- Stein Bjørhovde (Harpefossen Skisenter)
- Atle Skrede (Sogn og Fjordane fylkeskommune)
- Yngve Thorsen (Sogn og Fjordane Skikrins)

Arbeidsgruppa sitt mandat er å:

- 1) Implementere ei brukarstyrt digital løysing, som gjev publikum tilgang til alle aktuelle alpinanlegg i Sogn og Fjordane ved kjøp av eitt årskort.

- 2) Arbeide for dynamisk prising av årskort gjennom å legge til rette for samarbeid mellom aktuelle anlegg.
- 3) Implementere digitale løysingar i alpinanlegga, slik at ein enkelt skal kunne kommunisere til kundemassen på ein kostnadseffektiv måte.
- 4) Arbeide for at implementering av løysinga skal kunne skje med ein minimal/ avgrensa kostnad for alpinanlegga.

Prosjektet rettar seg til følgjande alpinanlegg i Sogn og Fjordane:

- Harpefossen Skisenter
- Stryn Vinterski
- Hornindal Skisenter
- Breimsbygda Skisenter
- Jølster Skisenter
- Sunnfjord Skisenter
- Sogn Skisenter
- Sogndal Skisenter

Effekt målet til prosjektet er å:

- 1) Bidra til ein større andel lokale brukarar i alpinanlegga, og dermed skape betre driftsøkonomiske rammer i aktuelle alpinanlegg.
- 2) Bidra til at publikum får eit vesentleg betre skitilbod med omsyn til variasjon og miljøskifte.
- 3) Vere ein bidragsytar i det pågåande folkehelsearbeidet, ved at Sogn og Fjordane har flest prosentvis skibrukarar i landet relatert til folketal.

Resultat målet til prosjektet:

- 1) Til sesongen 2017-2018 skal ein implementere ei brukarstyrt digital løysing, som gjev publikum tilgang til alle aktuelle alpinanlegg i Sogn og Fjordane ved kjøp av eitt årskort.
- 2) Gjennom implementering av ei brukarstyrt digital løysing ved kjøp av årskort, skal ein legge til rette for dynamisk prising gjennom samarbeid mellom aktuelle alpinanlegg.
- 3) Gjennom bruk av nye digitale løysingar skal alpinanlegga enkelt kunne kommunisere til kundemassen på ein kostnadseffektiv måte.
- 4) Aktuell digital løysing skal implementerast utan direkte kostnader for alpinanlegga.

Arbeidsgruppa har gjennomført møte med Skioo (06. september 2016), som er ein av fleire aktuelle leverandørar av ei brukarstyrt digital løysing.



I det vidare arbeidet skal det m.a. gjennomførast møte med Skipformance, som leverandør av tilsvarende løysing.

I denne fasen legg arbeidsgruppa til rette for ei teknologinøytral utgreiing av ulike leverandørar sine produkt/ teknologiske løysingar, før ein evt. set i gang prosess med Alpinanleggenes Landsforening og aktuelle alpinanlegg i fylket.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)  
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

<b>Vedlegg SAK 68 15-17    Protokoll frå møte nr. 07 15-17 i Skikrinsstyret</b>
---

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF    Dato: 09.11.2016    Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 07 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017</b>
--

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell

**Tidspunkt:** Måndag 07. november 2016, kl. 17.00-17.45

**Sakliste:**

**REFERATSAKER**

**Sak 88 15-17    Godkjenning av innkalling og sakliste**

**ORIENTERINGSSAKER**

**Sak 89 15-17    Orientering om «Sundby-saken», «Astma-saken» og «Johaug-saken»**

**Sak 90 15-17    Ski i Skulen 2017**

---

**TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.)

**FORFALL:** Atle Hamar

**MERKNADER:** Møtet vart avvikla i framkant av Sogn og Fjordane Skikrins sitt Haustmøte, 07. desember 2016. Haustmøtet samla nærare 70 deltakarar frå medlemslaga.

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---

**REFERATSAKER**

**Sak 88 15-17    Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.



## ORIENTERINGSSAKER

### Sak 89 15-17

#### **Orientering om «Sundby-saken», «Astma-saken» og «Johaug-saken»**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i Norges Skiforbund sitt Haustmøte orienterte leiar i skikrinsstyret om skiforbundet si handsaming av "Sundby-saken", "Astma-saken og "Johaug-saken".

Styreleiar orienterte på følgjande punkt:

Frå sommaren 2016 og fram til no har det vore eit enormt fokus på dei tre nemnde sakene.

I "Sundby-saken" har det blitt stilt spørsmål kring Norges Skiforbund sin openheit i saka, erstaning av pengepremiar og påfølgjande kostnader for Norges Skiforbund.

"Astma-saken" handlar i praksis om behandling av luftvegar i norsk toppidrett generelt, og norsk langrenn spesielt. Det er sett ned eit eksternt granskingsutvalg som m.a. skal vurdere;

- praksis i norsk langrenn
- medisinerer av friske utøvarar – også løparar på juniornivå
- openheit
- etikk og moral

I samband med "Johaug-saken" er det frå skiforbundet si side sett i verk sju strakstiltak som omhandlar; helseteam, rutinar og kontroll.

Johaug er er p.t. ikkje dømt, men det er sett i verk ein 2 mnd. suspensjon av utøveren.

Alle tre sakene påverkar omdømet til Norges Skiforbund negativt

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### Sak 90 15-17

#### **Ski i Skulen 2017**

##### **Bakgrunn**

Adm. sjef har i sommar og haust arbeida med reforhandling av utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune. I samband med den siste tilbakemeldinga frå fylkeskommunen (d.s. 03. november), fekk ein melding om å kontakte Sogn og Fjordane idrettskrins i den vidare forhandlingsprosessen.

Skikrinsen v/ adm. sjef har etter dette kontakta idrettskrinsen v/ org. sjef der ein m.a. har bedt om å få ei oppdatering på idrettskrinsen sine prosessar i høve fylkeskommunen.

Idrettskrinsen har på side signalisert at fylkeskommunen heretter ynskjer å inngå ein felles utviklingsavtale med idretten i fylket.

Det vil m.a. seie at skikrinsen ikkje lenger er i direkte forhandlingsposisjon ovanfor fylkeskommunen.

Målet til idrettskrinsen er komme i mål med ein utviklingsavtale, før fylkeskommunen sitt budsjett for 2017 skal handsamast 10. desember 2016.

Formelt er det svært beklageleg at fylkeskommunen og idrettskrinsen ikkje har orientert skikrinsen om framdrifta i desse prosessane, slik at ein på eit tidlegare tidspunkt kunne starta arbeidet med alternativ finansiering av nemnde prosjekt.

Å organisere prosjektet "Ski i Skulen" er ein relativt omfattande prosess, prosjektet også legg budsjettmessige føringar for skikrinsen.

Dette krev m.a. at skikrinsen må tidleg ut med informasjon til aktuelle skular, idrettslag, trenarar m.m.

Skulane skal på si side organisere plass til opplegget i respektive timeplanar, og ikkje minst organisere transporten til/ frå skianlegga.

M.a.o. er skikrinsen no langt på etterskot i høve denne organiseringa - ein veit heller ikkje om ein har dei nødvendige økonomiske midlane til å setje i gang prosjektet kommande vinter.

Skikrinsen har samarbeida med fylkeskommunen om prosjektet «Ski i Skulen» sidan 2009.

Fylkeskommunen har gjennom desse åra stått for basisfinansieringa av prosjektet, med eit aktivitetstilskot på kr. 100 000,- pr. år.

I tillegg er prosjektet delfinansiert gjennom gåvemidlar frå Sparebankstiftinga, post-3 midlar frå skiforbundet samt egne avsette midlar til føremålet.

Om avtalen med fylkeskommunen forsvinn, vil det medføre langt dårlegare økonomiske rammevilkår i høve gjennomføring av prosjektet, og det vil i beste fall føre til ein relativt stor reduksjon av tal skular som kan ta del i opplegget.

Frå oppstarten i 2009 har ca. 4 500 elevar (på mellomsteget) teke del i prosjektet.

Skulane som deltek i prosjektet får tilbod om ei ski-økt pr. veke à to timar, over ein periode på 6-8 veker (januar – mars).

Målsetjinga med prosjektet har vore å;

- skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment.
- bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid

Prosjektet er såleis eit godt tiltak innanfor førebyggjande folkehelsearbeid, og vi er spesielt godt nøgde med ringverknadane tiltaket har når ein gjennom prosjektet klarar å skape meir aktivitet i mange familiar vinterstid, ikkje berre hjå den enkelte elev.

Skikrinsen ser vidare på prosjektet som ein viktig del av det pågåande folkehelsearbeidet i fylket knytt opp mot ny folkehelselov og gjeldande regional politikk.

Skikrinsen ser det som spesielt viktig at eit slikt prosjekt vert gjennomført i skuleverket, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra sin sosioøkonomiske status. Prosjektet kan difor bidra til å jamne ut sosiale skilnader innan helse.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjev gjer vidare vedtak om at leiar i Skikrinsstyret følgjer opp den vidare prosessen med idrettskrinsen saman med adm. sjef.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

<b>Vedlegg SAK 69 15-17      Protokoll frå møte nr. 08 15-17 i Skikrinsstyret</b>
---

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 18.11.2016

Arkivk.: styret/møter/innkalling/15-17

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 08 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017</b>
--

**Stad:** Telefonmøte

**Tidspunkt:** Torsdag 17. november 2016, kl. 21.00-22.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

<b>SAK 91 15-17</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>SAK 92 15-17</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møte nr. 06 15-17 i Skikrinsstyret</b>
<b>SAK 93 15-17</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møte nr. 07 15-17 i Skikrinsstyret</b>

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

<b>Sak 94 15-17</b>	<b>Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland</b>
<b>Sak 95 15-17</b>	<b>Ekstraordinært Idrettskrinsting, 15.12.2016</b>

**EVENTUELT**

- TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Reidun Hegrenes Hallvard Nygård, Atle Hamar, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Arthur Hegrenes
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- 

#### **REFERATSAKER**

##### **SAK 91 15-17**

##### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste

##### **SAK 92 15-17**

##### **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 06 15-17 i Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 06 15-17 er sendt ut tidlegare for godkjenning. Protokollen er også lagt ved som vedlegg.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 06 15-17

##### **SAK 93 15-17**

##### **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 07 15-17 i Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 07 15-17 er sendt ut tidlegare for godkjenning. Protokollen er også lagt ved som vedlegg.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 07 15-17

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

##### **Sak 94 15-17**

##### **Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland**

##### **Bakgrunn**

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland er no ute på ei brei, offentleg høyring i perioden 26. oktober til 23. november.

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har saman arbeida fram intensjonsplanen for samanslåing. Målet med høyringa er å få inn grunngjevne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma. Intensjonsplanen bør belysast frå fleire sider og på ein grundig måte. Alle – privatpersonar, kommunar, lag, organisasjonar og næringslivet – kan kome med innspel. Høyringsfristen er 23. november.

Fylkeskommunen ber særleg om tilbakemelding på følgjande tema:

- Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til.
- Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion

Vedlagt er utgangspunkt for tilbakemelding frå Sogn og Fjordane Skikrins.

Framlegget er utarbeida av leiar i Skikrinsstyret.

---

I framkant og i møtet signaliserte Atle Hamar at han ikkje støtta framlegget til fråsegn. Jfr. Hamar sitt syn går fråsegna så mykje på tvers av det som er framforhandla mellom 3 fylkeskommunar, at uttalen knapt vil ha nokon relevans.

Grunngjevinga til Hamar er knytt til følgjande:

Ein Vestlandsregion slik den er framforhandla, vil ha det offentlege samarbeidet på idretts-, kultur- og plansida.

- Spelemiddelordninga følgjer fylkes- og regionstrukturar
- Region-/ fylkesdelplanar som grunnlag for prioritering av idrettsanlegg vil følgje evt. nye grenser
- Regionale utviklingsmidlar følgjer også fylkes- og regionstrukturar

Det vert såleis feil at idretten evt. knyter seg til ein annan struktur, enn den som vert gjeldande.

Vidare er det såleis eit faktum at Møre og Romsdal fylkeskommune, fekk tilbodet om å vere med i ein Vestlandsregion, men valde å ikkje ta del i denne. Jfr. Hamar er det viktigaste poenget for ski-idretten å vere tilknytta den regionen der anlegg vert prioritert, tilskotsmidlar fordelt, og der rammevilkår for idretten vert lagt gjennom offentlege prosessar og vedtak, og ikkje minst gjennom systemet som er etablert for anleggsutvikling og spelemidlar.

---

Med bakgrunn i Atle Hamar sin argumentasjon er Inge Fænn open for at administrasjonen skal utarbeide ei noko meir nyansert fråsegn basert på dei ulike syna i saka.

Inge Fænn presiserte m.a. følgjande i møtet:

I dag er Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ein naturleg samarbeidspartnar i mange høve.

I skiskyting har både Volda og deler av Stranda søkt samarbeid med Nordfjordteam og Ullsheim i Markane er staden for treningsamlingar for begge fylka. Ein prøver også å samordne terminlistesamarbeidet. Innanfor store deler av dette området er det mogeleg å nå fram til arrangement utan overnatting.

I dag er det samanheng mellom fylkestilskot og fylkesgrensar. I den grad det blir trekt ulike grenser, må ein ha plan for kven som skal finansiere kva av tippemidlar og andre tiltak innanfor dei nye grensene. Idretten er avhengig av å tenkje geografi med tanke på kostnader, arrangement og det faktum at det er snakk om svært unge utøvarar som skal vere med.

Ein undrar seg over at ein i 2016 skal halde krampaktig på gamle fylkesgrenser, trekte under heilt andre kommunikasjonstilhøve. Nye grenser bør tilpassast dagens geografi og dei kommunikasjonar som er planlagt dei komande tiåra.

Ein merkar seg at samarbeidsavtalen mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland der kultur er lagt til Sogn og Fjordane og idrett til Rogaland.

Det burde etter kvart gå inn også hjå fylkespolitikarane at idretten er ein del av det utvida kulturomgrepet og at dette ikkje kan delast. Her blir det henta midlar frå same pott, og idrett er kultur i ordet si vidaste tyding.

---

Det vart vidare påpeika av fleire medlemmer i Skikrinsstyret at ein i dag samarbeidar sportsleg i ulike retningar:

T.d. samhandlar langrennskomiteen med Hordaland, Rogaland samt Vest- og Aust Agder i høve til Team Veidekke Vest.

Alpinkomiteen på si side samhandlar med Hordaland og Rogaland i høve til Vestlandsmeisterskapen i alpint, som no vert arrangert årleg i Myrkdalen. Her har deltakinga vore god frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Møre og Romsdal har vore representert med klubbar frå Sunnmøre, medan dei nordre delane av fylket har sondert mot Trøndelag. I tillegg har ein samarbeid med Møre og Romsdal samt Sør- og Nord Trøndelag Skikretsar om Oppdal Alpin Elite. Vidare har komiteen eit utbreidd samarbeid østover mot Oppland, og har over lengre tid hatt svært gode sportslege relasjonar i høve miljøet på Lillehammer (Hafjell, Alpin Race Academy Norge)

Når det gjeld hopp- og kombinertkomiteen så samarbeidar ein både med Hordaland- og Møre og Romsdal Skikretsar. Dette gjeld i stor grad i høve til terminlistearbeid og rennavvikling. I tillegg er det eit samarbeid med Oppland i høve til NTG Lillehammer.

---

I den vidare debatten påpeikar Fænn at dette ikkje handlar om ein er for eller imot ei regionreform, men at ein i denne delen av prosessen må peike på utfordringane til skisporten i Sogn og Fjordane, dersom ein vert innlemma i ein større region.

---

#### Framlegg nummer 1

I den vidare handsaminga av saka fremmar Hamar forslag om at Skikrinstyret skal røyste om ein er for eller imot intensjonsavtalen mellom fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

#### Framlegg nummer 2

Inge Fænn fremmar forslag om at Skikrinsstyret skal røyste om ein skal sende eit høyringssvar som påpeikar utfordringane som skikrinsen ser i høve til å bli innlemma i ein større region.

#### Framlegg nummer 3

Finn Årdal fremmar forslag om eit utsettingsvedtak der skikrinsen ikkje svarar på høyringa. Bakgrunnen til forslaget er knytt til motsetningane i Skikrinsstyret i høve saka, samt at høyringssvaret frå skikrinsen mest truleg vil ha lite betydning i saka generelt.

Skikrinstyret røysta først over framlegg nummer 3.

Følgjande røysta for framlegget; Reidun Hegrenes, Hallvard Nygård, Finn Årdal, Gunnar Fannemel, Atle Hamar og Inge Fænn.

Framlegg nummer 3 vart dermed einstemmig vedteke, og framlegg nummer 1 og 2 falt.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å ikkje svare på fylkeskommunen sin intensjonsplan om samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.

### **Sak 95 15-17**

#### **Ekstraordinært Idrettskrinsting, 15.12.2016**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane idrettskrins har den seinare tid arbeida med å vurdere ulike alternativ for disponering av arealet til Sofik AS, idrettens hus, 3 etasje i Concord bygget.

Arealet idrettskrinsen eig er mykje større enn dagens arealbehov, og ein har dei seinare åra leigd ut ein stor del av arealet.

Idrettskrinsen er no i mål med intensjonsavtalar som omhandlar at eigedomsselskapet Sofik AS sel sine 573 m<sup>2</sup> i Concord AS, samt sine 80 aksjar i Concord AS. Vidare er planane at idrettskrinsen kjøper nye areal, 250 m<sup>2</sup> i same bygg, og same etasje.

Idretten vil då kunne tilby meir tilpassa lokale som ein meiner vil kunne bidra til betre samhald og samhandling for alle som har arbeidsplassen sin



på idrettens hus. Det nye arealet vil dekke plassbehovet til særkrinsane og idrettskrinsen.

Denne endringa fører til at ein sparar ein stor andel driftskostnadar kvart år, driftskostnadane vert forutsigbare, og vil ikkje lenger vere avhengige av 100 % utleige til ei kvar tid. I tillegg slepp ein å bruke mykje tid og energi på utleige av areal ein ikkje treng sjølv, ein energi som kan nyttast på andre område.

Sidan desse avtalene ikkje er underteikna endå, ber idrettskrinsen om forståing for at ein ikkje ynskjer å sende summar og tal som informasjon pr. e-post.

Ein ser vidare at desse transaksjonane vil kunne falle inn og bør vurderast i høve idrettskrinsen si lov § 11 .7:

«Disposisjonar, medrekna låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettskrinsen sin storleik og verksemd skal vedtakast av idrettskrinstinget «

Styret i Sogn og Fjordane idrettskrins har derfor beslutta å kalle inn til ekstraordinært idrettskrinsting 15.desember 2016 .

Innkalling og sakliste med fullmaktskjema er vedlagt.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande utsendingar; Atle Hamar, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes og Arthur Hegrenes.

#### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

<b>Vedlegg SAK 70 15-17      Protokoll frå møte nr. 09 15-17 i Skikrinsstyret</b>
---

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 01.12.2016

Arkivk.: styret/møter/innkalling/15-17

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 09 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017</b>
--

**Stad** : Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt** : Tysdag 29. november 2016, kl. 16.00-21.00

#### Sakliste

##### REFERATSAKER

SAK 96 15-17      Godkjenning av innkalling og sakliste  
SAK 97 15-17      Godkjenning av protokoll nr. 08 15-17 frå Skikrinsstyret

##### RAPPORTERING

SAK 98 15-17      Rekneskapsrapport pr. 10.11.2016

##### ORIENTERINGSSAKER

Sak 99 15-17      Høyringsvar frå Sogn og Fjordane idrettskrins - intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

##### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 100 15-17      Ski i Skulen 2017  
SAK 101 15-17      Søknad om økonomisk stønad til randoneè sesongen 2016-2017  
SAK 102 15-17      Rammer for budsjett 2017  
SAK 103 15-17      Oppfølging av Skipolitisk Dokument / SUM; prioritering, strategiar og mål

##### EVENTUELT

**TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Atle Hamar, Reidun Hegrenes Hallvard Nygård, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel, Asle Sande, Helen Ingebretsen (Norges Skiforbund), Charles Tøsse (Styret Norges Skiforbund) og Yngve Thorsen (adm.).

**FORFALL:**

**MERKNADER:** Helen Ingebretsen (avd. sjef utviklingsavdelinga i Norges Skiforbund) og Charles Tøsse (styret i Norges Skiforbund) deltok i møtet.

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---

## REFERATSAKER

**SAK 96 15-17** **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 97 15-17** **Godkjenning av protokoll nr. 08 15-17 frå Skikrinsstyret**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå styremøte nr. 08 13-15 er sendt ut tidlegare for godkjenning. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 08 13-15.

## RAPPORTERING

**SAK 98 15-17** **Rekneskapsrapport pr. 10.11.2016**  
**Bakgrunn**  
Rekneskapsrapport pr. 10.11.2016 er vedlagt. Rapporten vert presentert i møtet.

Nøkkeltal pr. 10.11.2016:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 3 108 205,44	Kr 2 843 266,80	Kr 264 938,64	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 667 383,41	Kr 625 765,93	Kr 41 617,48	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 1 181 188,42	Kr 979 738,50	Kr 201 449,92	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 54 320,00	Kr 24 934,40	Kr 29 385,40	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 205 313,61	Kr 1 212 827,97	Kr 7 514,36	Kr 0,00

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **ORIENTERINGSSAKER**

**Sak 99 15-17**

**Høyrings svar frå Sogn og Fjordane idrettskrins - intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland**  
**Bakgrunn**

Høyrings svar frå Sogn og Fjordane Skikrins er vedlagt.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 100 15-17**

**Ski i Skulen 2017**

**Bakgrunn**

Viser til orientering i samband med Sak 90 15-17 i Skikrinsstyret.

Adm. sjef har i sommar og haust arbeida med reforhandling av utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune. I samband med den siste tilbakemeldinga frå fylkeskommunen (d.s. 03. november), fekk ein melding om å kontakte Sogn og Fjordane idrettskrins i den vidare forhandlingsprosessen.

Skikrinsen v/ adm. sjef har etter dette kontakta idrettskrinsen v/ org. sjef der ein m.a. har bedt om å få ei oppdatering på idrettskrinsen sine prosessar i høve fylkeskommunen.

Idrettskrinsen har på si side signalisert at fylkeskommunen heretter ynskjer å inngå ein felles utviklingsavtale med idretten i fylket, kanalisert gjennom Sogn og Fjordane idrettskrins.

Det vil m.a. seie at skikrinsen ikkje lenger er i direkte forhandlingsposisjon ovanfor fylkeskommunen.

Ein har forøvrig fått signal, i møte med fylkeskommunen og idrettskrinsen, d.s. 24.11.2016, om at fylkeskommunen kjem til å gje ei økonomisk løyving til prosjektet i 2017, men det er uklart kor stor denne løyvinga evt. kjem til å vere.

Vidare har ein i same møte, fått signal om at prosjektet mest truleg kjem til å vere ein del av den nye avtalen mellom idretten og fylkeskommunen i perioden 2017-2019.

Når det gjeld den øvrige finansieringa av prosjektet har Sparebankstiftinga løyvd kr. 50 000,- til tiltaket i 2017. I tillegg har ein i budsjettet for 2017 lagt inn forslag om kr. 15 000,- i post-3 midlar frå Norges Skiforbund, samt kr. 15 000,- av skikrinsen sine egne midlar.

Dvs. at ein pr.d.d. har ei ramme på kr. 80 000,- til prosjektet kommande år, og basert på erfaringstal kostar prosjektet i gjennomsnitt ca. kr. 15 000,- pr. skule.

M.a.o. er det pr.d.d. økonomisk grunnlag for å starte prosjektet ved 5-6 skular. Til samanlikning har 13-15 skular teke del i prosjektet dei siste åra.

Med bakgrunn i arbeidet til idrettskrinsen m.o.t. etablering av ein ny utviklingsavtale med fylkeskommunen, samt gjeldande økonomiske rammer, tilrår adm. å starte prosjektet ved 5 skular i Sogn og Fjordane vinteren 2017.

Ein tilrår vidare at følgjande skular får tilbod om deltaking:

- Tonning skule, Stryn kommune
- Flatene skule, Førde kommune
- Breim skule, Gloppen kommune
- Sagatun skule, Balestrand kommune
- Trudvang skule, Sogndal kommune

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å starte prosjektet *Ski i Skulen 2017* ved 5 skular.

Følgjande skular får tilbod om deltaking i prosjektet i 2017.

- Tonning skule, Stryn kommune
- Flatene skule, Førde kommune
- Breim skule, Gloppen kommune
- Sagatun skule, Balestrand kommune
- Trudvang skule, Sogndal kommune

Styreleiar og adm. sjef får fullmakt til å utvide tal skular i høve til evt. auka økonomiske rammer.

Skikrinsstyret gjer vedtak om å setje av inn til kr. 25 000,- til prosjektet *Ski i Skulen 2017*.

#### **SAK 101 15-17**

#### **Søknad om økonomisk stønad til randoneè sesongen 2016-2017**

##### **Bakgrunn**

Framfor skisesongen 2016-2017 vart Malene Blikken Haukøy (IL Høyang) og Sindre Hoff (Førde IL) tekne ut på Norges Skiforbund sitt landslag i Randoneè.

Begge utøvarane har framfor denne sesongen søkt skikrinsen om kr. 10 000,- i støtte til utøving av idretten.

Jamfør søknader vert eventuell støtte frå Sogn og Fjordane Skikrins nytta til dekking av kostnader med reise og opphald i samband med deltaking i world-cup og VM.

Det er også verdt å merke seg at begge utøvarane får relativt lite støtte til deltaking på desse arrangementa frå Norges Skiforbund.

## **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å støtte utøvarane med kr. 5 000,- pr. utøvar. Førsetnaden er at respektive kommunar støttar utøvarane med tilsvarende sum.

Skikrinsleiaren følgjer opp aktuelle kommunar.

## **SAK 102 15-17**

### **Rammer for budsjett 2017**

#### **Bakgrunn**

Framlegg til rammer for budsjett for 2017 er vedlagt.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2017 balanserar, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 297 400,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 3 297 400,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på same nivå som i 2016
- Markedsavtalane til skikrinsen er reforhandla for budsjettåret 2017, med unntak av samarbeidsavtalen med COOP Vest SA og utviklingsavtalen med fylkeskommunen. Forøvrig har ein budsjettert med at begge avtalane vert reforhandla på dagens nivå.

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 45 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet (Miljøsamlingane), Integrering, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 12% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

## **ARBEIDSUTVALET**

### **AU – Drift administrasjon**

#### **Markedsinntekter**

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2017 er ca. kr. 800 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

#### **Tilskot frå idrettskrins**

Det er budsjettert med kr 95 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2016 syner.

### **Lagskontingent**

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2015, og utgjør samla ca. kr. 214 000,-.

### **Momskompensasjon**

Jf. signal frå Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med kr. 160 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear. Dette er i høve til Skikrinsstyret sitt vedtak i Sak 06 15-17.

### **IT kostnader**

IT kostnadane er budsjettert med kr 35 00,-, ei auke på ca. kr. 15 000,- frå 2016. Bakgrunnen for auken er knytt til at skikrinsen måtte legge inn eit eige breiband til skikrinskontoet hausten 2016. Dette måtte ein gjere etter at skiforbundet gjekk ut av IT-avtalen med Norges Idrettsforbund.

### **Rekrutteringsprosjekt**

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert med sonevise Miljøsamlingar.

Ibhm. Miljøsamlingane er det budsjettert med eit tilskot til tekniske arrangørar i 2017 på tilsaman kr. 24 500,-.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr 15 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltakaravgifter.

### **Funksjonshemma**

Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettert med eit tilskot frå NSF på kr 15 000,- (post 3-midlar).

### **Krinsting**

Skikrinstinget i 2017 er budsjettert med ei total kostnadsramme på ca. kr. 52 000,-. Kostnadane er knytt til kopiering/ trykking av årsmelding, bevertning og leige av møtelokale, samt tildeling av diverse utmerkingar.

Administrasjonen gjer skikrinsstyret merksame på at det ikkje er økonomisk grunnlag for å gjennomføre Skikrinstinget i 2017 med overnatting for delegatane frå idrettslaga.

### **Styret**

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med kr. 205 800,- kostnader, inklusive kostnadane med gjennomføring av Skikrinstinget.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte og Haustmøte 2017).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

### **Trenarkurs/ utdanning**

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i om lag balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale samt kjøp av kursmateriell m.m.

### **Ski i skulen**

Ved vidareføring av Ski i Skulen 2017 er det m.a. budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserar seg på reforhandling av utviklingsavtale med fylkeskommunen. Om denne samarbeidsavtalen ikkje vert reforhandla må budsjettet reviderast, og antal skular i prosjektet må reduserast.

Ein har vidare fått tilsagn om kr. 50 000,- i støtte frå Sparebankstiftinga til prosjektet i 2017.

På kostnadssida er det budsjettert med honorar til instruktørar, reiserekningar og kostnader knytt til busstransport.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

### **Prosjekt Telemark/ Randoneè**

Forventa inntekter og kostnader i dette prosjektet er svært usikkert, men ein har lagt opp til at dette prosjektet skal balansere. Dvs. at inntekter og kostnader skal følgje kvarandre.

### **ALPINKOMITEEN**

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 206 700,- i driftsinntekter og kr. 1 206 700,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 202 400,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Frydenbø AS og COOP Vest SA.

Ver merksam på at det samarbeidsavtalen med COOP Vest SA ikkje reforhandla for 2017 p.t., men at ein er i prosess i høve til forhandling.

Det er også lagt inn kr 30 000,- i lisensar/ rennavigifter. Dette er same nivå som rekneskapstala for 2016 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 227 400,-.



### **NM**

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad, kr 7 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 7 000,-

### **Jr. NM**

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr 5 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 5 000,-.

### **HL**

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 66 000,-.

### **Cup**

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 30 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 35 000,-.

### **FIS-renn**

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 10 000,-.

### **Fjord1 samlingar/ krinslag**

Fjord1 samlingane er budsjettert på om lag same nivå som i 2016.

Det er budsjettert med 12-15 Fjord1 samlingar, og deltakaravgifter på til saman kr. 240 000,-

Vidare er det lagt inn kr. 220 000,- i idrettsfagleg bistand, dette er kostnader knytt til Alpine Race Academy Norge.

Elles har ein budsjettert med mindre bruk av lokale trenarkrefter enn tidlegare år. Dette skyldast i all hovudsak at Even Hole er tilsett som krinstrenar, noko som m.a. medfører at løn- og driftskostnader knytt til lokale trenarkrefter vert redusert. På den andre sida finn ein att desse kostnadane på prosjektet *Krinstrenar Alpint*.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 54 100,-

### **Prosjekt krinstrenar**

På prosjektet knytt til krinstrenar i alpint er det budsjettert med lønn på kr. 275 000,- (inkl. sosiale kostnader som t.d. pensjon, yrkesskadeforsikring etc.), øvrige driftskostnader finn ein att på prosjektet som er knytt til Fjord1 samlingar/ krinssamlingar. Prosjektet er i 2017 finansiert gjennom samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest, noko som innbefattar kr. 50 000,- i periodisering frå 2016 til 2017, kr. 40 000,- i markedsinntekter (inkl. fråtrekk av mva.), samt kr. 100 000,- allemennyttige midlar.

Momskompensasjonen til komiteen er lagt inn i budsjettet på dette prosjektet – denne er estimert til å vere på kr. 49 300,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 39 300,-.

### **Alpinkomiteen**

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

### **HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN**

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 70 100,- i driftsinntekter og kr. 70 100,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE. Avtalen med SFE vart reforhandla for tre nye år hausten 2016.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 2 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 34 500,-.

### **Jr. NM**

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med kostnader på tilsaman kr. 6 500,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 6 500,-

### **HL**

Ifbm. Hovedlandsrennet er det budsjettert med kostnader på tilsaman kr. 7 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 7 000,-

### **Cup**

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 10 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 750,-

### **Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»**

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 3 250,-. Evt. ressursar knytt til Sommarhoppeskulen i Bjørkelibakkane er også knytt til dette prosjektet. Ved å evt. periodisere delar av det forventa overkotet til komiteen i 2016 til 2017 kan ein styrke denne delen av komiteen sitt arbeid.

### **Hopp- og kombinertkomiteen**

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

### **LANGRENNSKOMITEEN**

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 288 200,- i driftsinntekter og kr. 1 288 200,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr 352 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane, ByggTeam og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 60 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarande nivå som rekneskapstala for 2016 syner.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 473 200,-.

### **NM, jr. NM og HL**

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebad. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr – 148 200,-.

### **Cup/ SSF Cup**

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 47 500,-

### **FIS-renn**

I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise- og opphald for hovudleiar og støtteapparat (3 personar ved kvart arrangement). Det er i tillegg budsjettert med eit honorar for hovudleiar. Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 140 000,-

### **Krinslag**

På krinslaget er det budsjettert med kr. 350 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), same nivå som i budsjettet for 2015.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 125 000,- i kjøp av klede, kr. 30 000,- i reisekostnader og kr. 195 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 123 000,-.

### **Langrennskomiteen**

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 8 100,-

### **LSV-huer**

Det er budsjettert at evt. kjøp og sal av LSV-huer skal balansere.

### **GENERELL SLUTTKOMMENTAR**

Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2017

I tillegg vil det mest truleg vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2016 til 2017, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2017, når arbeidet med rekneskapen for 2016 er slutført.

Vidare kjem ein vinteren 2017 til å setje i verk eit arbeid i langrennskomiteen, der ein m.a. skal legge til rette for eit betre presisjonsnivå på budsjettering/ rekneskap knytt til diverse arrangement og krinssamlingar i langrenn. Slik skal ein skape betre kostnadskontroll i komiteen.

### **VEDTAK**

Under føresetnad av ei revidering 1. kvartal 2017 godkjenner Skikrinsstyret rammene for budsjett 2017.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at rammene skal bearbeidast i samband med greinkomiteane sine budsjettmøter.

## **SAK 103 15-17**

### **Oppfølging av Skipolitisk Dokument / SUM; prioritering, strategiar og mål**

#### **Bakgrunn**

Viser til drøftingar og vedtak i Sak 74 15-17, Skipolitisk Dokument – Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM).

---

I samband med Ski-tinget i Trondheim 28.-29. mai la skiforbundet til grunn ein ny utviklingsmodell ved inngangen til planperioden 2016-2020.

Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekker alle innsatsområde.

### **Utøveren i sentrum**

Utvikling av skiutøveren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv. Difor er det utøveren som er i sentrum for ski-idretten sine målsetjingar, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020.

For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement, og anlegg som er lagt til rette på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv.

Til saman utgjør elementa nærast utøveren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb/ skigruppe, via skikrets og til skiforbundet.


### **Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg**

Menneska utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og dugleiksnivå. Ski-idretten sine framtidige mål er difor lagt til rette for idrettsleg utvikling, basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Med rett utvikling, til riktig tid, vil resultata komme. Samstundes vil ski-idretten vere eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Klubbane i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2015 gitt eit godt bilete av ski-idretten sine utfordringar, og har gitt Skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover.


Å behalde skiutøveren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er ei uttalt målsetjing. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje skal vere økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som ivaretek medlemmane si moglegheit til å drive breidde- og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar.



Øvrige rammevilkår for ski-idretten si verksemd er utdanning og utvikling, informasjon og kommunikasjon, økonomiske rammevilkår, internasjonalt arbeid og samhandling på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar. Saman med kjerneverksemda utgjer dette innsatsområda for ski-idretten dei kommande fire åra.

## Utviklingsmodellen



Skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) skal vere ski-idretten sin raude tråd i denne planperioden. Den gjev føringar for korleis framtidens organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere. Målet er at ski-idretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske, funksjonshemma, for integrering av medlemmer som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemmer frå alle samfunnslag. Ski-idretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og økonomisk evne.

## Ulike nivå i modellen

### Aktiv start

- første møte med organisert idrett
- grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner



.....  
SOGN OG FJORDANE  
SKIKRENS  
.....

### FUNDament

- mykje variert og allsidig fysisk aktivitet
- innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- deltaking i karusellrenn som motivasjon
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

### Lær å trene

- trening på grunnleggande ferdigheiter med og utan ski
- mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
- trening med fokus på meistring og utvikling
- større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
- trening på sosiale ferdigheiter gjennom deltaking i idretten
- klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særiddrettar eller andre skiklubbar
- klubb-, sone-, og krinsrenn
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

### Trene for å trene

- meir fokus på greinsespesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
- bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
- individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
- fortsatt mest vekt på trening vs. konkurranse, men auke av tal konkurransar
- trenarar på høgt nivå

### Trene for å konkurrere

- heilskapleg utvikling av toppidrettsutøvarar
- fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
- mykje spesialisert trening
- FIS-renn, NM, jr. VM, U23, YOG, EYOF
- homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

### Trene for å vinne

- utøvarar på høgt sprortleg nivå
- utviklingsorienterte utøvarar
- OL, VM og verdenscup
- nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

### Konkurrere på ski livet ut

- ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurransetilbod
- aktivitet gjennom trening i skigruppa/ skiklubben
- konkurransetilbod gjennom turrenn, master og fjelltelemarkrenn

#### Aktiv livet ut

- aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i skigruppa/ skiklubben
- fokus på trening i eit helseperspektiv
- utvikling av nye ferdigheiter gjennom deltaking på teknikkurs i regi av skigruppa/ skiklubben

---

I samband med Skikrinstyret sitt styreseminar 20.-21. august 2016 vart det utført ein statusanalyse basert på innsatsområda i Skipolitisk Dokument knytt til *Trenar, Tilbod til utøvarar, Anlegg og Arrangement*.

Resultatet frå denne statusanalysen følgjer vedlagt (vedlegg Sak 102 15-17).

I den vidare oppfølginga av SPD og SUM vert det i møtet lagt opp til ein strategiprosess med Helen Ingebretsen (avd. sjef utviklingsavdelinga i Norges Skiforbund). I denne prosessen skal Skikrinsstyret m.a. prioritere ulike nivå og innsatsområder i SUM, samt starte arbeidet med å utvikle tiltak knytt til skikrinsen sin oppfølging av strategiarbeidet.

Statusanalysen og den vidare strategiprosessen kjem såleis til å danne grunnlag for skikrinsen sin oppfølging av SPD og SUM ut mot klubbleddet. I tillegg legg prosessen grunnlaget for skikrinsen sin strategi- og handlingsplan for perioden 2017-2021.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek prosessen til orientering, og gjer vedtak om å legge dei ulike målprioriteringane til grunn i det vidare arbeidet.

Prosesen med utvikling av ny handlingsplan for Sogn og Fjordane Skikrins 2017-2018 vert fulgt opp med etablering av ny struktur for handlingsplan, samt utvikling av tiltak knytt til prioriterte målsetjingar.

Det vert lagt til rette for vidare arbeid i samband med neste møte i Skikrinsstyret.

Oppsummering frå strategiprosessen er vedlagt.

#### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef



<b>Vedlegg SAK 71 15-17</b>	<b>Protokoll frå møte nr. 10 15-17 i Skikrinsstyret</b>
-----------------------------	---

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 17.02.2016

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 10 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017</b>
--

**Stad** : Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt** : Onsdag 15. februar 2017, kl. 17.00-20.30

#### Sakliste

#### REFERATSAKER

SAK 104 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste  
SAK 105 15-17 Godkjenning av protokoll nr. 09 15-17 frå Skikrinsstyret  
SAK 106 15-17 SFSK LK protokoll nr. 05 15-17  
SAK 107 15-17 SFSK AK protokoll nr. 05 15-17  
SAK 108 15-17 SFSK HKK protokoll nr. 04 15-17  
SAK 109 15-17 SFSK HKK protokoll nr. 05 15-17  
SAK 110 15-17 SFSK Anleggskomiteen protokoll nr. 01 15-17

#### RAPPORTERING

SAK 111 15-17 Rekneskapsrapport pr. 31.12.2016

#### ORIENTERINGSSAKER

SAK 112 15-17 Programsatsingsmidlar til rulleskianlegg  
SAK 113 15-17 Midlar til prepareringsutstyr langrenn  
SAK 114 15-17 Ski- og snøsamling for funksjonshemma

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 115 15-17 Fastsetjing av tid og stad for Skikrinstinget 2017  
SAK 116 15-17 Fastsetjing av tid og stad for Vårmøtet 2017  
SAK 117 15-17 Samarbeidsavtale med COOP Vest SA  
SAK 118 15-17 Oppfølging av Skipolitisk Dokument / SUM;  
utvikling av handlingsplan.

#### EVENTUELT

SAK 119 15-17 Antidoping arbeid i Skikrinsen  
SAK 120 15-17 Politiattestar blant tillitsvalde i Skikrinsen  
SAK 121 15-17 Telemark-/ randoneekomité

- TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Per Asbjørn Felde, Gunnar Fannemel, og Yngve Thorsen (adm.).
- FORFALL:** Reidun Hegrenes, Hallvard Nygård, Oddmund Lefdal og Asle Sande
- MERKNADER:** Oddmund Lefdal (fung. leiar i langrennskomiteen) var kalla inn til møtet. Per Asbjørn Felde (medlem alpinkingomiteen) møtte i stadenfor Atle Hamar (leiar alpinkingomiteen).
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- 

## REFERATSAKER

- SAK 104 15-17**      **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.
- SAK 105 15-17**      **Godkjenning av protokoll nr. 09 15-17 frå Skikrinsstyret**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå styremøte nr. 09 13-15 er godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 09 13-15.
- SAK 106 15-17**      **SFSK LK protokoll nr. 05 15-17**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 05 15-17 i langrennskomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret tek saka til orientering.
- SAK 107 15-17**      **SFSK AK protokoll nr. 05 15-17**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 05 15-17 i alpinkingomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret tek saka til orientering.
- SAK 108 15-17**      **SFSK HKK protokoll nr. 04 15-17**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 04 15-17 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 109 15-17 SFSK HKK protokoll nr. 05 15-17**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 15-17 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 110 15-17 SFSK Anleggskomiteen protokoll nr. 01 15-17**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i anleggskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**RAPPORTERING**

**SAK 111 15-17 Rekneskapsrapport pr. 31.12.2016**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2016 er vedlagt.

Rapporten vert presentert i møtet.

Nøkkeltal pr. 31.12.2016

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 3 682 511,44	Kr 3 307 099,93	Kr 375 411,51	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 876 029,39	Kr 755 644,86	Kr 120 384,53	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 1 358 627,53	Kr 1 140 227,57	Kr 218 399,96	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 58 546,69	Kr 29 085,60	Kr 29 461,09	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 389 307,83	Kr 1 382 141,90	Kr 7 165,93	Kr 0,00

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering, og gjer vidare vedtak om følgjande avsetningar frå 2016 til 2017:

- 1) AU: Kr. 150 000,- setjast av for å sikre vidare drift av prosjektet *Ski i Skulen i 2017*. (NB! På dette prosjektet har ein fått utbetalt kr. 100 000,- frå fylkeskommunen og kr. 50 000,- frå Sparebankstifinga. Begge tildelingane er knytt til gjennomføring av prosjektet i 2017)
- 2) AK: Kr. 180 000,- setjast av for å sikre vidare drift av prosjekt *Krinstrenar Alpint i 2017*.

Med aktuelle avsetningar er estimert økonomisk resultat totalt for Sogn og Fjordane Skikrins pr. 31.12.2016; ca. kr. 5 – 10 000,-.

Estimert overskot vert lagt til Sogn og Fjordane Skikrins sin spesifiserte egenkapital.

## **ORIENTERINGSSAKER**

### **SAK 112 15-17**

#### **Programsatsingsmidlar til rulleskianlegg**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins har motteke to (2) søknader om programsatsingsmidlar til rulleskianlegg.

Med bakgrunn i Sogn og Fjordane Skikrins sin Anleggsplan 2013-2017 er søknadane prioritert slik:

- Prioritet nummer 1) Sogndal Skisenter (Sogndal IL)
- Prioritet nummer 2) Kleivane Skisenter (Fjellhug-/ Vereide IL)

Ein presiserar at prioriteringa er gjort i høve til Anleggsplan 2013-2017 (kap. 5), og at den er utført av leiar i anleggskomiteen saman med adm. sjef.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **SAK 113 15-17**

#### **Midlar til prepareringsutstyr langrenn**

##### **Bakgrunn**

I høve til Norges Skiforbund og Kulturdepartementet si ordning om spelemidlar til utstyr, herunder midlar til prepareringsutstyr langrenn, har Sogn og Fjordane Skikrins sin anleggskomitè i møte 09. desember 2016 gjort vedtak om følgjande innstilling av innkomne søknader:

- Pri. 1: Fj./ Vereide IL
- Pri. 2: Sogndal IL
- Pri. 3 Stårheim IL
- Pri. 4: Viksdalen IL
- Pri. 5: Dale IL

Innstillinga vart endeleg godkjent av Skikrinsstyret (pr. e-post) 11. januar 2017.

Med bakgrunn i Skikrinsstyret si prioritering har Norges Skiforbund innstilt kretsane sine 1. og 2. prioriteringar som mottakarar, og dermed har både Fj./ Vereide IL og Sogndal IL fått tilsagn om følgjande:

- Pri. 1: Fjellhug-/ Vereide IL, kr. 300 000,-
- Pri. 2: Sogndal IL, kr. 200 000,-

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 114 15-17**

**Ski- og snøsamling for funksjonshemma**

**Bakgrunn**

I lag med NAV Hjelpemiddelsentralen har Sogn og Fjordane Skikrins invitert til to (2) stk. ski- og snøsamlingar for funksjonshemma:

- Sogn Skisenter, 14. februar 2017
- Sunnfjord Skisenter, 15. februar 2017

Grunna snømangel i Sunnfjord er samlinga 15. februar avlyst.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 115 15-17**

**Fastsetjing av tid og stad for Skikrinstinget 2017**

**Bakgrunn**

I høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov (§9) skal skikrinstinget avviklast anna kvart år innan utgangen av mai i år det ikkje vert avvikla Ski-ting.

I samband med Skikrinstinget i 2015 (vedtak i Sak 9) har styret fått fullmakt til å bestemme stad og tid for neste ting.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Skikrinstinget 2017 skal avviklast laurdag 17. juni 2017.

**SAK 116 15-17**

**Fastsetjing av tid og stad for Vår møtet 2017**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Vår møtet 2017.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Skikrinstinget 2017 skal avviklast laurdag 17. juni 2017.

Vår møtet skal avviklast i samband med Skikrinstinget 2017.

**SAK 117 15-17**

**Samarbeidsavtale med COOP Vest SA**

**Bakgrunn**

I haust reforhandla adm. i samarbeid med leiar i AK samarbeidsavtalen med COOP Vest SA. Økonomisk nivå og øvrige vilkår i avtalen er som tidlegare, men det var ein føresetnad i reforhandlinga at langrennsaktiviteten (langrennkomiteen) til skikrinsen også vart ein del av samarbeidet.

Historisk har denne avtalen vore fundamentert til alpinkingomiteen si verksemd, men etter at langrenn også har blitt ein del av samarbeidet, er det naturleg at Skikrinsstyret drøftar om og evt. korleis økonomien i avtalen skal fordelast mellom nemnde komitèar.

**VEDTAK**

Saka vert utsett til neste møte i Skikrinsstyret.

**SAK 118 15-17**

**Oppfølging av Skipolitisk Dokument / SUM;  
utvikling av handlingsplan.**

**Bakgrunn**

Viser til drøftingar og vedtak i Sak 74 15-17 og Sak 103 15-17,  
Ski politisk Dokument – Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM).

---

I samband med Ski-tinget i Trondheim 28.-29. mai la skiforbundet til grunn ein ny utviklingsmodell ved inngangen til planperioden 2016-2020.

Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekker alle innsatsområde.

**Utøvaren i sentrum**

Utvikling av skiutøvaren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv. Difor er det utøvaren som er i sentrum for ski-idretten sine målsetjingar, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020.

For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement, og anlegg som er lagt til rette på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv.

Til saman utgjer elementa nærast utøvaren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb/ skigruppe, via skikrets og til skiforbundet.


**Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg**

Menneska utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og dugleiksnivå. Ski-idretten sine framtidige mål er difor lagt til rette for idrettsleg utvikling, basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Med rett utvikling, til riktig tid, vil resultatata komme. Samstundes vil ski-idretten vere eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Klubbane i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2015 gitt eit godt bilete av ski-idretten sine utfordringar, og har gitt Skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover.


Å behalde skiutøvaren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er ei uttalt målsetjing. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje skal vere økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som ivaretek medlemmane si moglegheit til å drive breidde- og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar.



Øvrige rammevilkår for ski-idretten si verksemd er utdanning og utvikling, informasjon og kommunikasjon, økonomiske rammevilkår, internasjonalt arbeid og samhandling på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar. Saman med kjerneverksemda utgjer dette innsatsområda for ski-idretten dei kommande fire åra.

### Utviklingsmodellen



Skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) skal vere ski-idretten sin raude tråd i denne planperioden. Den gjev føringar for korleis framtidens organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere.

Målet er at ski-idretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske, funksjonshemma, integrering av medlemmer som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemmer frå alle samfunnslag. Ski-idretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og økonomisk evne.

## **Ulike nivå i modellen**

### Aktiv start

- første møte med organisert idrett
- grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

### FUNDament

- mykje variert og allsidig fysisk aktivitet
- innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- deltaking i karusellrenn som motivasjon
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

### Lær å trene

- trening på grunnleggande ferdigheiter med og utan ski
- mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
- trening med fokus på meistring og utvikling
- større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
- trening på sosiale ferdigheiter gjennom deltaking i idretten
- klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særiddrettar eller andre skiklubbar
- klubb-, sone-, og krinsrenn
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

### Trene for å trene

- meir fokus på greinspesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
- bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
- individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
- fortsatt mest vekt på trening vs. konkurranse, men auke av tal konkurransar
- trenarar på høgt nivå



#### Trene for å konkurrere

- heilskapleg utvikling av toppidrettsutøvarar
- fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
- mykje spesialisert trening
- FIS-renn, NM, jr. VM, U23, YOG, EYOF
- homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

#### Trene for å vinne

- utøvarar på høgt sportleg nivå
- utviklingsorienterte utøvarar
- OL, VM og verdenscup
- nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

#### Konkurrere på ski livet ut

- ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurranseanlegg
- aktivitet gjennom trening i skigruppa/ skiklubben
- konkurranseanlegg gjennom turren, master og fjelltelemarkrenn

#### Aktiv livet ut

- aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i skigruppa/ skiklubben
- fokus på trening i eit helseperspektiv
- utvikling av nye ferdigheiter gjennom deltaking på teknikkurs i regi av skigruppa/ skiklubben

---

I samband med Skikrinstyret sitt styreseminar 20.-21. august 2016 vart det utført ein statusanalyse basert på innsatsområda i Skipolitisk Dokument knytt til *Trenar, Tilbod til utøvarar, Anlegg og Arrangement*.

Resultatet frå denne statusanalysen følgjer vedlagt.

I den vidare oppfølginga av SPD og SUM har ein i møte i Skikrinsstyret 29. november 2016 (møte nr. 09, Sak 103 15-17) prioritert nivå, innsatsområde og målsetjingane i SPD.

Oppsummering frå denne delen av strategiprosessen følgjer vedlagt.

I den vidare prosessen skal Skikrinsstyret utvikle tiltak basert på prioriterte målsetjingar.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek drøftingane og førebels utarbeida framlegg til tiltak til orientering.

Ein gjer vidare vedtak om at prosessen med utvikling av tiltak, basert på prioriterte målsetjingar, skal først vidare i samband med utvida møte i Skikrinsstyret tysdag 04. april 2017.

### **EVENTUELT**

#### **SAK 119 15-17**

#### **Antidoping arbeid i Skikrinsen**

##### **Bakgrunn**

Antidoping Norge og Norges Skiforbund med heile organisasjonen har eit skriftleg avtaleverk som utøvarar pliktar å følgje.

Samarbeidet omhandlar m.a. at alle lag i Norges Skiforbund forpliktar å setje antidoping arbeid på dagsorden, og gjennomføre tiltak i kampen for ein dopingfri idrett.

Tidlegare har Antidoping Norge lansert «Ren Utøver», eit e-læringsprogram for idrettsutøvarar, trenarar og støtteapparat.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at alle utøvarar, trenarar og støtteapparat i krinsen skal støtte opp om arbeidet som Antidoping Norge utfører, samt gjennomføre e-læringsprogrammet «Ren Utøver».

#### **SAK 120 15-17**

#### **Politiattestar blant tillitsvalde i Skikrinsen**

##### **Bakgrunn**

Norges idrettsforbund arbeider kontinuerleg med at idretten skal vere ein trygg arena, og ein god stad for born og ungdom å vere. Som ein viktig del av dette arbeidet har idrettsstyret vedtatt at alle med eit verv i norsk idrett som innbefattar nær kontakt med og/ eller tillitsforhold med mindreårige og personar med utviklingshemming, skal framvise politiattest.

Idretten krev såleis framvising av politiattest utan merknader.

I politiattesten framgår seksual forbrytelsar mot born eller vaksne, drap, narkotikaforbrytelsar og grov volds- eller ranskriminalitet. Ingen andre straffbare forhold vil framkomme på denne attesten.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at alle tillitsvalde i Sogn og Fjordane Skikrins f.o.m. tingperioden 2017-2019 skal framvise politiattest i høve til Norges idrettsforbund sine krav.

**SAK 121 15-17**

**Telemark-/ randoneekomitè**

**Bakgrunn**

Med bakgrunn i skikrinsen sitt Haustmøte 2016 samt oppfølgingsmøte 30. januar 2017, blir det fremma forslag om at det skal opprettast ein greinkomitè for telemark/ randonee i Sogn og Fjordane Skikrins. Komiteen kan takast opp formelt i samband med Skikrinstinget 2017.

I samråd med laga i Sogn og Fjordane som organiserar telemark- og randoneeaktivitet føreslår ein følgjande samansetjing av komiteen (basert på innspel frå møtet 30. januar 2017)

- Leiar: Sjur Håvard Øygard (Kyrkjebø IL)
- Nestleiar: Anders Yri (Syril IL)
- Medlem: Sarah Fiskaa Haugen (Luster Telemarkklubb)
- Medlem: Malene Blikken Haukøy (IL Høyang)
- Medlem: Egil Johannes Vangsnes (Syril IL)

**VEDTAK**

I samband med Skikrinstinget 2017 fremmar Skikrinsstyret forslag om at det skal etablerast ein telemark-/ randoneekomitè i Sogn og Fjordane Skikrins.

I høve til saksutgreiing skal framlegg til samansetjing av komitè oversendast Sogn og Fjordane Skikrins si valnemnd for vidare handsaming.

Fram til Skikrinstinget 2017 fungerer følgjande personar som interimstyre:

- Leiar: Sjur Håvard Øygard (Kyrkjebø IL)
- Nestleiar: Anders Yri (Syril IL)
- Medlem: Sarah Fiskaa Haugen (Luster Telemarkklubb)
- Medlem: Malene Blikken Haukøy (IL Høyang)
- Medlem: Egil Johannes Vangsnes (Syril IL)

**Neste møte i Skikrinsstyret; tysdag 04. april 2017.**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

<b>Vedlegg SAK 72 15-17</b>	<b>Protokoll frå møte nr. 11 15-17 i Skikrinsstyret</b>
-----------------------------	---

Skikrinsstyret@  
Greinkomiteane@

Sakshand.: YT/IF

Dato: 05.04.2017

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 11 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017</b>
--

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell  
**Tidspunkt:** Tysdag 04. april 2017, kl. 17.00-21.00

**Andre opplysningar:** Fellesmøte Skikrinsstyret og greinkomitèane.

**Rammeprogram:** Kl. 17.00-18.00: Sak 122 – 125.  
Kl. 18.00-21.00: Sak 126.

### Sakliste

#### REFERATSAKER

SAK 122 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste  
SAK 123 15-17 Godkjenning av protokoll nr. 10 15-17 frå møte i Skikrinsstyret

#### ORIENTERINGSSAKER

SAK 124 15-17 Orientering frå Sogn og Fjordane idrettskrins  
v/ styreleiar Nils R. Sandal og org. sjef Anne Leversund

#### RAPPORTERING

SAK 125 15-17 Rekneskap 2016

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 126 15-17 Norges Skiforbund sin utviklingsmodell (SUM) – gruppearbeid,  
utvikling av tiltak pr. prioriterte målsetjingar.

#### EVENTUELT

- TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Reidun Hegrenes Hallvard Nygård, Gunnar Fannemel, Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Per Lambrechts, Per Asbjørn Felde, Hege Venes, Jon Ove Lomheim, Lars Brekke, Jan Inge Årdal, Lars Kveen, Asle Sande og Yngve Thorsen (adm.).
- FORFALL:** Liv E. Rauset, Atle Hamar, Rune Espe og Åsa Lerum.
- MERKNADER:** Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Nils R. Sandal (styreleiar) og Anne Leversund (org. sjef) deltok i møtet i samband med Sak 124 15-17.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- 

## REFERATSAKER

### SAK 122 15-17

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 123 15-17

#### **Godkjenning av protokoll nr. 10 15-17 frå møte i Skikrinsstyret Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 10 15-17 er godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 10 15-17.

## ORIENTERINGSSAKER

### SAK 124 15-17

#### **Orientering frå Sogn og Fjordane idrettskrins v/ styreleiar Nils R. Sandal og org. sjef Anne Leversund Bakgrunn**

Styreleiar og org. sjef i idrettskrinsen orienterte Skikrinsstyret om følgjande:

- idrettskrinsen si rolle
- korleis legge til rette for god samhandling på tvers av arbeidsdelinga i idretten?
  - o behovet for eit «ungdomsløft»
  - o etablering av tverridrettsleg anleggsutval
- m.m.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**RAPPORTERING**  
**SAK 125 15-17**

**Rekneskap 2016**

**Bakgrunn**

Rekneskapen for 2016 er vedlagt.

Nøkkeltal 2016:

**Avsetning 2016-2017**

*)Arbeidsutvalet (AU) / Ski i Skulen	kr.	140 000,-
**) Alpinkomiteen	kr.	180 000,-

<b>Driftsinntekter samla</b>	kr.	3 376 666,-
------------------------------	-----	-------------

<b>Driftskostnader samla</b>	kr.	3 361 734,-
------------------------------	-----	-------------

<b>Resultat samla for skikrinsen:</b>	kr.	14 932,-
---------------------------------------	-----	----------

Resultat Arbeidsutvalet	<b>kr.</b>	<b>-42 867,-</b>
Resultat Alpinkomiteen	kr.	32 827,-
Resultat Hopp- og kombinertkomiteen	kr.	22 756,-
Resultat Langrennskomiteen	kr.	2 215,-

<b>Total EK pr. 31.12.2016:</b>	kr.	1 089 701,-
---------------------------------	-----	-------------

- AU EK pr. 31.12.2016:	kr.	576 776,-
- Langrennskomiteen EK pr. 31.12.2016:	kr.	213 985,-
- Alpinkomiteen EK pr. 31.12.2016:	kr.	188 090,-
- Hopp- og komb. komiteen EK pr. 31.12.2016:	kr.	110 850,-

\*) AU: Kr. 140 000,- setjast av for å sikre vidare drift av prosjektet *Ski i Skulen i 2017*.

\*\*\*) AK: Kr. 180 000,- setjast av for å sikre vidare drift av prosjekt *Krinstrenar Alpint i 2017*.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2016 med følgjande avsetningar:

- Arbeidsutvalet (AU) / Ski i Skulen	kr.	140 000,-
- Alpinkomiteen	kr.	180 000,-

I tråd med administrasjonen si anbefaling gjer Skikrinsstyret vidare vedtak om at skikrinsen sitt samla overskot på kr. 14 932,- i 2016 vert lagt til skikrinsen sin totale eigenkapital. Og at økonomisk underskot/ overskot i AU og greinkomitèane pr. 31.12.2016 vert trekt i frå evt. lagt til i høve til spesifisert eigenkapital i balanserekneskapen.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 126 15-17**

**Norges Skiforbund sin utviklingsmodell (SUM) – gruppearbeid, utvikling av tiltak pr. prioriterte målsetjingar.**

### **Bakgrunn**

Viser til drøftingar og vedtak i Sak 74 15-17, Sak 103 15-17 og Sak 118 15-17 Skipolitisk Dokument – Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM).

---

I samband med Ski-tinget i Trondheim 28.-29. mai la skiforbundet til grunn ein ny utviklingsmodell ved inngangen til planperioden 2016-2020.

Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekker alle innsatsområde.

### **Utøvaren i sentrum**

Utvikling av skiutøvaren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv. Difor er det utøvaren som er i sentrum for ski-idretten sine målsetjingar, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020.

For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement, og anlegg som er lagt til rette på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv.

Til saman utgjer elementa nærast utøvaren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb/ skigruppe, via skikrets og til skiforbundet.


### **Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg**

Menneska utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og dugleiksnivå. Ski-idretten sine framtidige mål er difor lagt til rette for idrettsleg utvikling, basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Med rett utvikling, til riktig tid, vil resultata komme. Samstundes vil ski-idretten vere eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Klubbane i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2015 gitt eit godt bilete av ski-idretten sine utfordringar, og har gitt Skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover.


Å behalde skiutøvaren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er ei uttalt målsetjing. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje skal vere økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som ivaretek medlemmane si moglegheit til å drive breidde- og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar.



Øvrige rammevilkår for ski-idretten si verksemd er utdanning og utvikling, informasjon og kommunikasjon, økonomiske rammevilkår, internasjonalt arbeid og samhandling på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar. Saman med kjerneverksemda utgjer dette innsatsområda for ski-idretten dei kommande fire åra.

### Utviklingsmodellen





Skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) skal vere ski-idretten sin raude tråd i denne planperioden. Den gjev føringar for korleis framtidens organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere.

Målet er at ski-idretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske, funksjonshemma, integrering av medlemmer som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemmer frå alle samfunnslag. Ski-idretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og økonomisk evne.

### **Ulike nivå i modellen**

#### Aktiv start

- første møte med organisert idrett
- grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

#### FUNDament

- mykje variert og allsidig fysisk aktivitet
- innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- deltaking i karusellrenn som motivasjon
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

#### Lær å trene

- trening på grunnleggande ferdigheiter med og utan ski
- mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
- trening med fokus på meistring og utvikling
- større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
- trening på sosiale ferdigheiter gjennom deltaking i idretten
- klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særvidrettar eller andre skiklubbar
- klubb-, sone-, og krinsrenn
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

#### Trene for å trene

- meir fokus på greinspesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
- bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
- individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
- fortsatt mest vekt på trening vs. konkurranse, men auke av tal konkurransar
- trenarar på høgt nivå

#### Trene for å konkurrere

- heilskapleg utvikling av toppidrettsutøvarar
- fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
- mykje spesialisert trening
- FIS-renn, NM, jr. VM, U23, YOG, EYOF
- homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

#### Trene for å vinne

- utøvarar på høgt sportleg nivå
- utviklingsorienterte utøvarar
- OL, VM og verdenscup
- nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

#### Konkurrere på ski livet ut

- ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurranseanlegg
- aktivitet gjennom trening i skigruppa/ skiklubben
- konkurranseanlegg gjennom turrenn, master og fjelltelemarkrenn

#### Aktiv livet ut

- aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i skigruppa/ skiklubben
- fokus på trening i eit helseperspektiv
- utvikling av nye ferdigheiter gjennom deltaking på teknikkurs i regi av skigruppa/ skiklubben

---

I samband med Skikrinsstyret sitt seminar 20.-21. august 2016 vart det utført ein statusanalyse basert på innsatsområda i Skipolitisk Dokument (SPD) knytt til *Trenar, Tilbod til utøvarar, Anlegg og Arrangement*.

I strategimøte i Skikrinsstyret 29. november 2016 (møte nr. 09, Sak 103 15-17) prioriterte ein nivå, innsatsområde og målsetjingane i SPD, medan ein i møte 15. februar 2017 (møte nr. 10, sak 118 15-17) starta arbeidet med å utvikle tiltak basert på prioriterte målsetjingar i SPD for arbeidsutvalet.

I den vidare prosessen skal arbeidsutvalet fortsette arbeidet med å utvikle tiltak basert på prioriterte målsetjingar for kommande planperiode, medan greinkomiteane skal starte arbeidet med å utarbeide tiltak basert på prioriterte målsetjingar i SPD for grein.

Arbeidsdokument for handlingsplan 2017-2019 (med prioriterte målsetjingar og førebelse tiltak for AU) er vedlagt.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek drøftingane og førebels utarbeida framlegg til tiltak til orientering.



Ein gjer vidare vedtak om at prosessen med utvikling av tiltak, basert på prioriterte målsetjingar, skal førast vidare i samband med kommande møter i styret og respektive komitèar.

Plandokumentet skal leggest fram for Skikrinstinget 17. juni 2017, og skal såleis vere ferdigstilt og klart til utsending saman med øvrige tingdokument i høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov.

## **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef